



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Miljøterapeut/Vernepleiar - 2 faste 100% stillingar

Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har frå dags dato ledig to faste 100% stillingar som Miljøterapeut/vernepleiar.

Stillinga gjeld tenesteyting til brukarar med nedsett funksjonsevne som bur i sine egne leiligheiter. Kveldsvakter, dagvakter og med arbeid kvar tredje helg.

Det er og aktuelt med oppgåver som koordinator for ansvarsgrupper, utarbeiding av individuell plan.

Kvalifikasjonskrav

Offentleg godkjent 3 årig høgskuleutdanning.

Meland kommune treng deg som kan gi individuelt tilpassa teneste av høg fagleg kvalitet til brukarar med omfattande behov. Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar som gode samarbeidsevner og lojalitet til aktuelle avtalar. Det er og svært viktig med relevant arbeidserfaring med menneske med nedsett funksjonsevne.

Vi tilbyr

Godt arbeidsmiljø - gode kollegaer. Mange utfordrande, fagleg stimulerande oppgåver, jamleg møteverksemd og oppfylgning frå spesialisthelsetenesta.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 20.04.2017

Utlyst dato 04.04.2017

Vårref

660/17

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimetenester, tlf: 56171210, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no